

«**MOTTAKERNAVN**»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Vår dato: 17.02.2017

Vår ref: 2012/211 - 4204/2017 / C54

Dykkar ref: «REF»

Stord maritime museum, forholdet til Sunnhordland museum, vidare drift

Kommunestyret handsama 16. februar saka Stord maritime museum, forholdet til Sunnhordland museum, vidare drift. Kommunestyret fatta slikt vedtak:

1. Stord kommunestyre verdset det arbeidet som Sunnhordland museum og Stord maritime museum gjennom mange år har gjort for å ta i vare regionen sin maritime kulturarv og vil leggje til rette for ei vidareføring av arbeidet til beste for partane.
2. Stord kommunestyre legg til grunn at Sunnhordland museum og Stord maritime museum bør styrkast og vidareutviklast. Det må teiknast ny avtale som regulerer fagleg og administrativt samarbeid. Partane får frist til 15. april med å få på plass eit nytt avtaleverk.
3. Dersom partane ikkje lukkast eller ønskjer å vidareføra samarbeidet legg kommunestyre til grunn at eventuell avvikling av samlinga vet finansiert over tilskotet til Sunnhordland museum. Kommunestyret held attende kr 520 000 av tilskotet til Sunnhordland museum for 2017 for å finansiera kostnader med Stord maritime museum.
4. Stord kommunestyre ber om at rådmannen tek kontakt med Hordaland fylkeskommune for samarbeid om utvikling av det konsoliderte Sunnhordland museum som ansvarsmuseum for maritim kulturarv. Vidare prosess bør avklare organiseringa av samarbeidet med lag og organisasjonar i Sunnhordland.
5. Stord kommunestyret oppfordrar til at det vert oppretta ei referansegruppe for Stord maritime industrimuseum med representantar frå Sunnhordland museum, Stord maritime museum, Stord kommune, Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Det er partane Sunnhordland museum og Stord maritime museum sitt ansvar å få på plass ei eventuell avtale. Me inviterer likevel til eit møte torsdag 2. mars kl. 11 på rådhuset i Leirvik. Tema for dette møte vil vera:

- Ein gjennomgang av kommunestyret sitt vedtak v/Magnus Mjør
- Tankar kring vidare utvikling av Sunnhordland museum som ansvarsmuseum for maritim kulturarv v/Per Morten Ekerhovd
- Korleis kan Hordland fylkeskommune og Stord kommune eventuelt medverka i prosessen med å få på plass eit rammeverk v/Per Morten Ekerhovd og Magnus Mjør
- Vegen vidare, spørsmål om oppretting av referansegruppe

Me vonar tidspunktet passar og ber dykk stadfesta om- og kven som kjem. Frå kommunen og fylkeskommunen stiller underteikna og kst. fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd.

Vel møtt!

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

— Kopi:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900
Samarbeidsrådet for Sunnhordland Postboks 444
Ordførar Harry Herstad

Bergen
Stord